Møte nr. 5/24

# SULDAL KONTROLLUTVAL

## INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

| | |
|---|---|
| **Dato:** | **torsdag 21. november 2024** |
| **Tid:** | **kl. 10.00** |
| **Stad:** | **Suldal kommunehus, formannskapssalen** |

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: **post@kontrollutvalgene.no**

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.,* blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

**Kommunedirektøren er invitert**

## SAKLISTE:

**25/24 Godkjenning av protokoll frå møtet 26.09.24**

**26/24 Orientering om administrasjonen – v/kommunedirektøren**

**27/24 Tinging av nytt forvaltningsprosjekt – «Kompetanse i skole og barnehage»**

**28/24 Møteplan 2025**

**29/24 Referat- og orienteringssaker**

**Ymse**

Aksdal, 14.11.24

| | |
|---|---|
| Otto Underbakke<br>Kontrollutvalsleiar | Sjur Hatlen<br>Utvalssekretær |

| | | |
|---|---|---|
| Kopi: | Ordførar | (møte- og talerett) |
| | Revisor | (møte- og talerett) |
| | Kommunedirektør | (er invitert) |
| | Varamedlem | (til orientering, unntatt Michael Willig som er innkalla for Arin Eirikssønn) |

# SULDAL KOMMUNE **Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Kontrollutvalet | 21.11.24 | **25/24** |
| | | |
| **Saksansvarleg** | | **Arkivkode** |
| Sjur Hatlen | | 033 |

## GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 26.09.24

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 26.09.24 blir godkjent slik han ligg føre.

**Vedlegg:** protokoll frå møtet 26.09.24

**Saksorientering:**
Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 26.09.24 følgjer vedlagt. Protokollen er lese gjennom og førebels godkjent av leiar i etterkant av møtet og er sendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kome merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen blir formelt godkjent i dette møtet, utvalsleiar evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 14.11.24

Sjur Hatlen
*Rådgjevar/utvalssekretær*

Møte nr. 4/24

# SULDAL KONTROLLUTVAL

# PROTOKOLL

Torsdag **26. september 2024** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av utvalet sin leiar Otto Underbakke.

| | |
|---|---|
| **MØTESTAD:** | Suldal kommunehus, formannsskapssalen |
| **MØTESTART/SLUTT:** | Kl. 10.00 – 11.45 |
| **MØTANDE MEDLEMMER:** | Otto Underbakke (H), Ivar Andre Naustvik (Krf), Ragnhild Sukka (V) og Astrid Brommeland (Sp) |
| **MØTANDE VARAMEDLEMMER:** | Michael Willig (SV) |
| **FORFALL:** | Arin Eirikssønn (Ap) |
| **FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:** | Rådgjevar Sjur Hatlen - Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS |
| **FRÅ ROGALAND REVISJON:** | Revisor Tore Kristensen |
| **FRA ADMINISTRASJONEN:** | Kommunalsjef for organisasjon og økonomi Turid Vaage i sak 18/24 |
| **ANDRE SOM MØTTE:** | Ingen |
| **MERKNADER TIL INNKALLING:** | Ingen |
| **MERKNADER TIL SAKLISTEN:** | Orienteringa i sak 17 blei utsett til neste møte sidan kommunedirektøren var bortreist |

## FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

### 16/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 13.06.24

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**
Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 13.06.24 blir godkjent slik han ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 26.09.24:**
Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.09.24:**

*Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 13.06.24 blir godkjent slik han ligg føre.*

**SAK 17/24 ORIENTERING OM ADMINISTRASJONEN FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN**

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**
Suldal kontrollutval tar orienteringa frå kommunedirektør Karin Dokken Austvik om hennar arbeids- og ansvarsområde til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 26.09.24:**
Saken vert utsett til neste møte på grunn av at heile administrasjonen var på reise. Planen for orienteringar vert skjøve på, slik at orientering frå kommunedirektøren blir sett opp i neste møte.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.09.24:**

*Suldal kontrollutval utsett orienteringa frå kommunedirektør Karin Dokken Austvik til neste møte.*

**SAK 18/24 OPPFØLGING AV FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL AV ØKONOMIFORVALTNINGA FOR 2023**

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**
Suldal kontrollutval tar kommunedirektøren si tilbakemelding til revisor sin uttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2023 til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 26.09.24:**
Leiar innleia om saka. Revisor orienterte om kva dei hadde undersøkt og kva tiltak kommunen hadde sett i verk for å følgje opp merknadane. Medlemmene var nøgd med tilbakemeldinga.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.09.24:**

*Suldal kontrollutval tar kommunedirektøren si tilbakemelding til revisor sin uttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2023 til orientering.*

**SAK 19/24 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPS-KONTROLL**

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**
Suldal kontrollutval vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 slik den ligg føre/med desse endringane…..

**og innstilling til kommunestyret:**

Suldal kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 slik den ligg føre.

Suldal kommunestyre gjer kontrollutvalet delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-3 og § 23-4.

**Handsaming i kontrollutvalet 26.09.24:**
Leiar innleia. Revisor orienterte om forslaget til plan og at dei prioriterte prosjekta var delt inn i to grupper.

Medlemmene diskuterte framlegget til plan og dei føreslåtte prioriteringane. Leiar peika på at det var viktig å læra av tidlegare gjennomførte revisjonsprosjekt og oppfølging av desse.

Utvalet slutta seg til leiar sitt framlegg om å behalda inndelinga som revisor hadde sett opp, med gruppering av prosjekta i fyrste og andre prioritet. Prosjektet om å «undersøke effekten av forvaltningsrevisjonar» blir tatt inn i gruppa andreprioritet.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.09.24:**

*Suldal kontrollutval vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 med følgjande endring: prosjektet «undersøke effekten av forvaltningsrevisjonar» blir tatt inn i gruppa andreprioritet.*

**Innstilling til kommunestyret:**

*Suldal kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 slik den ligg føre.*

*Suldal kommunestyre gjer kontrollutvalet delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-3 og § 23-4.*

## SAK 20/24 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om ………………….. til neste møte.

**Handsaming i kontrollutvalet 26.09.24:**
Leiar innleia og føreslo at utvalet skulle velja «kompetanse i skule og barnehage», som var eit av dei prioriterte prosjekta i den nye planen.

Medlemmene drøfta kva dei skulle velje no. Utvalet stetta leiar sitt framlegg om å velje prosjektet «kompetanse i skule og barnehage». Revisor vil utarbeide eit prosjektmandat til neste møte.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.09.24:**

*Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om «kompetanse i skole og barnehage» til neste møte.*

## SAK 21/24 BUDSJETTFRAMLEGG 2025 - KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN

**Sekretariatet sitt framlegg til innstilling:**
Suldal kontrollutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Suldal kommune for budsjettåret 2025 med ei totalramme på **kr 1 564 000,- eks mva** fordelt på følgjande:

| | | |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet | kr | 237 000 |
| Kjøp av sekretariatsteneste | kr | 259 000 |
| Kjøp av revisjonstenester | kr | 1 068 000 |

**Handsaming i kontrollutvalet 26.09.24:**
Sekretær gjorde kort greie for framlegget. Utvalet hadde inga særskilte merknader og var nøgd med framlegget til budsjett.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.09.24:**

*Suldal kontrollutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Suldal kommune for budsjettåret 2025 med ei totalramme på* ***kr 1 564 000,- eks mva*** *fordelt på følgjande:*

| | | |
|---|---|---|
| *Kontrollutvalet* | *kr* | *237 000* |
| *Kjøp av sekretariatsteneste* | *kr* | *259 000* |
| *Kjøp av revisjonstenester* | *kr* | *1 068 000* |

## SAK 22/24 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2024

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**
Suldal kontrollutval tar dei framlagde eigenerklæringane, dagsett 25.06.24, frå Rogaland Revisjon IKS til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 26.09.24:**
Leiar innleia, og peika på at det er viktig å ha eit godt forhold til revisjonen. Revisor viste til dei skriftlege erklæringane og gjorde kort greie for innhaldet.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.09.24:**

*Suldal kontrollutval tar dei framlagde eigenerklæringane, dagsett 25.06.24, frå Rogaland Revisjon IKS til orientering.*

## SAK 23/24 ORIENTERING OM REVISJONSSTRATEGI OG FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2024

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**
Suldal kontrollutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og plan for forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2024 til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 26.09.24:**
Revisor viste ein presentasjon og orienterte om den overordna revisjonsstrategien. Han informerte om revisjonen sitt årshjul, regelverk og regnskapets rolle i kommunens økonomiske styringssystem og at vesentlege avvik skal kommenterast i særskilte nummererte brev. Til slutt fortalde han om forenkla etterlevingskontroll, regelverket og føremål.

Revisor svara på spørsmål frå medlemmene.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.09.24:**

*Suldal kontrollutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og plan for forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2024 til orientering.*

**SAK 24/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER**

18. Statusrapport pr. september 2024
19. Tertialrapport frå Rogaland Revisjon IKS
20. KST-vedtak 19.06.24 sak 56/24 revisjonsrapport «Førebygging og tidleg innsats»
21. Protokoll frå årsmøtet i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) 04.06.24
22. Reglement for Suldal kontrollutval
23. Retningslinjer for handtering av handvendingar til Suldal kontrollutval

**Handsaming i kontrollutvalet 26.09.24:**
Sekretæren gikk gjennom referatsakene.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.09.24:**

*Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 18 – 23 til orientering.*

**YMSE**
Ingen saker blei meldt eller tatt opp

**Neste møte:** torsdag 21.11.24 – kl. 10.00

**Foreløpige saker:** orientering frå administrasjonen, bestilling av nytt revisjonsprosjekt og møteplan for 2025.

Suldal/Sand, 26.09.24

Otto Underbakke
Leiar

Sjur Hatlen
Utvalssekretær

# SULDAL KOMMUNE

**Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Kontrollutvalet | 21.11.24 | **26/24** |
| | | |
| **Saksansvarleg** | | **Arkivkode** |
| Sjur Hatlen | | 216 |

## ORIENTERING OM ADMINISTRASJONEN FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Suldal kontrollutval tar orienteringa frå kommunedirektør Karin Dokken Austvik om hennar arbeids- og ansvarsområde til orientering.

**Saksorientering**
Suldal kontrollutval vedtok i møtet 15.02.24 ein plan for orienteringar om resultateiningane i kommunen. Vedtaket var :

*Suldal kontrollutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:*

| | |
|---|---|
| *25.04.24* | *økonomi og organisasjon v/kommunalsjef Torbjørn Guggedal* |
| *13.06.24* | *.....* |
| *26.09.24* | *administrasjonen v/kommunedirektør* |
| *21.11.24* | *helse og velferd v/kommunalsjef Grethe Jæger Angelvik* |
| | |
| *1. møte 2025* | *oppvekst v/kommunalsjef* |
| *2. møte 2025* | *økonomiavd. v/økonomisjef* |
| *3. møte 2025* | *personal- og organisasjonssjef* |
| *4. møte 2025* | *IKT-avdelinga* |

*Tidsramma vert sett til 30 min. inkludert spørsmål.*

*Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.*

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane administrasjonen står overfor. Sekretariatet har sendt planen/invitasjonen til kommunedirektøren.

I møtet 26.09.24 blei det inga orientering grunna at kommunedirektøren var forhindra frå å møte. Det er derfor i samråd med kommunedirektøren skjøve på planen, slik at det blir orientering om «administrasjonen» i møtet 21.11.24.

Aksdal, 14.11.24

Sjur Hatlen
*Rådgjevar/utvalssekretær*

# SULDAL KOMMUNE **Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Kontrollutvalet | 21.11.24 | **27/24** |
| | | |
| **Saksansvarleg** | | **Arkivkode** |
| Sjur Hatlen | | 216 |

## TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «KOMPETANSE I SKULE OG BARNEHAGE»

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Suldal kontrollutval tingar ein revisjonsrapport om «Kompetanse i skule og barnehage» i samsvar prosjektmandatet dagsett 12.11.24 (med dei endringane som kjem fram i møtet.)

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei ramme på 250 timar.

**Vedlegg:** «Kompetanse i skule og barnehage» - prosjektmandat av 12.11.24

**Bakgrunn:**
Ifølgje forskrift om kontrollutval og revisjon skal kommunen jamleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll i samsvar med gjeldande lover og reglar.

Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 26.09.24, sak 20/24:

> *Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om «kompetanse i skole og barnehage» til neste møte.*

Rogland Revisjon IKS har med bakgrunn i dette vedtaket utarbeidd prosjektmandatet som er vedlagt saka.

Revisjonen har skissert følgjande føremål og problemstillingar:

> *Formålet med prosjektet er å kartlegge og undersøke hvordan Suldal kommune ivaretar kompetanse i skole og barnehage.*

Problemstillingar:

- *I hvilken grad har kommunen tilstrekkelig kompetanse i barnehagen og i grunnskolen?*
- *I hvilken grad utnyttes samlet kapasitet og kompetanse i kommunen på en god måte?*
- *Hvilke virkemidler har kommunen til rådighet dersom man ikke klarer å rekruttere nødvendig kompetanse?*

**Prosjektleiing og ressursbruk**
Prosjektleiar vil vera forvaltningsrevisor Øystein Lundestad og Svein Kvalavåg vil vera kvalitetssikrar.

Rogaland revisjon legger opp til å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet innanfor en ramme på 250 timar. I ramma ligger prosjektplanlegging, kartlegging, analyser og rapportering.

Budsjettet for forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar er på 400 timar i 2024 og det same er lagt inn i budsjettframlegget for 2025.

Revisor opplyser at de kan starte opp med prosjektet i årsskifte 2024/2025 og levere rapport i løpet av hausten 2025.

Kontrollutvalet må ved tinging vurdera om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det utvalet ønsker å oppnå med prosjektet.

Aksdal, 14.11.24

Sjur Hatlen
*Rådgjevar/utvalssekretær*

Rogaland Revisjon

Utarbeidet av:
Mathushiga Thiyagarajah

Dato:
12.11.2024

PROSJEKTMANDAT

# Kompetanse i skole og barnehage

## Suldal kommune, 2024

### BAKGRUNN

Kontrollutvalget i Suldal kommune bestilte i møte 26.09.2024 et forslag til prosjektmandat for forvaltningsrevisjon om hvordan Suldal kommune jobber med å *sikre god kompetanse i skole og barnehage* (sak 20/24). Prosjektet hadde også blitt foreslått av Rogaland Revisjon i forbindelse med risiko- og vesentlighetsvurderinga (ROV), jf. kontrollutvalgets sak 14/24.

Riktig kompetanse blant ansatte er avgjørende for kvaliteten i barnehage og skole. Da er det viktig å rekruttere riktig, men også å beholde og videreutvikle den kompetansen som allerede er der. Systematisk arbeid med videreutvikling av personalets kompetanse er da avgjørende.

Utdanningsdirektoratet (Udir) understreker at arbeidet med å vedlikeholde og heve kvaliteten er en kontinuerlig prosess, og framstiller arbeidet med kvalitetsutvikling gjennom en forenklet modell (se figur 1). Fasene er innhente informasjon, analysere og sammenstille informasjon, planlegge og gjennomføre.

*Figur 1. Forenklet fremstilling av kvalitetsarbeidet*




*Kilde: Udir (2024).*

Kommunebilde (2024) til Suldal kommune av Statsforvalteren vurderer barnehagene og grunnskolene som middels – hverken svake eller gode områder. Svakheter som rapporten trekker frem er blant annet at Suldalbarnehagen ikke har gjennomført tilsyn de siste fire årene, og at kommunen har utfordringer med å rekruttere lærere: Over ¼ av alle undervisningstimer for skoleåret 2023/24 ble gitt av personale uten tilsettingskompetanse på trinnet de underviser på. På barnehageområdet viser tilsvarende oversikter ei positiv utvikling det siste året (2023). Som Statsforvalteren påpeker, er det variasjoner i tallene fra år til år.

I hele landet møter mange barn og elever hver dag lærere som ikke har godkjent utdanning eller kompetanse til å undervise.[1] Vi ser at dette er ei utfordring også i Suldal kommune. Selv om skolene har høy lærertetthet (se figur 2), er likevel andel undervisningspersonale med godkjent utdanning lav (se figur 3). Dette betyr at det er mange lærere i Suldal uten formell kompetanse på plass. Med nedgang i antall søkere til lærerutdanningene over hele landet, blir det stadig viktigere å ivareta og gi gode utviklingsmuligheter for dem som ønsker å arbeide med barn og unge på skolen og i barnehagen.

*Figur 2. Lærertetthet i ordinær undervisning de fire siste skoleårene i Suldalskolen.*




*Kilde: Kommunebilde Suldal kommune, Statsforvalteren*

[1] Jf. NOU 2022:13. *Med videre betydning - Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skole.*

*Figur 3. Andel undervisningspersonale med godkjent utdanning de fire siste skoleårene inkludert skoleåret 2023-24*




*Kilde: Kommunebilde Suldal kommune, Statsforvalteren*

Som nevnt varierer tallene noe, særlig på barnehageområdet. Her har Suldal kommune scoret relativt lavt på kompetanse blant bemanning de siste årene, jf. kontrollutvalgets sak 14/24. Én indikator på dette er andel årsverk pedagogiske ledere på dispensasjon fra utdanningskravet. Denne har vært forholdsvis høy og økende de siste årene, før tallene for 2023 var svært lave:

*Figur 4. Andel årsverk pedagogiske ledere, med dispensasjon fra utdanningskravet (Suldal)*




*Kilde: Kommunebilde Suldal kommune, Statsforvalteren*

## OPPDRAGET

| | |
|---|---|
| <u>Bestilling:</u><br>Kontrollutvalget i Suldal kommune bestilte 26.09.2024 en forvaltningsrevisjon om kompetanse i skole og barnehage.<br><br><u>Formål:</u><br>Formålet med prosjektet er å kartlegge og undersøke hvordan Suldal kommune ivaretar kompetanse i skole og barnehage. | <u>Problemstillinger:</u><br><br>• I hvilken grad har kommunen tilstrekkelig kompetanse i barnehagen og i grunnskolen?<br>• I hvilken grad utnyttes samlet kapasitet og kompetanse i kommunen på en god måte?<br>• Hvilke virkemidler har kommunen til rådighet dersom man ikke klarer å rekruttere nødvendig kompetanse? |

Dersom datamaterialet tilsier det, kan revisor foreta mindre justeringer av problemstillingene underveis. Større endringer i problemstillingene må avklares med kontrollutvalget.

## REVISJONSKRITERIER

Forvaltningsrevisjonen vil bli gjennomført etter nærmere revisjonskriterier. Dette er elementer som inneholder krav eller forventninger, og vil bli brukt til å vurdere funn i de undersøkelser som gjennomføres. Kriteriene skal være begrunnet i, eller utledet av, autoritative kilder innen det reviderte området. I dette prosjektet legges følgende kilder til grunn for utvikling av revisjonskriterier:

- Opplæringsloven med forskrifter
- Barnehageloven
- Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager
- *Rammeplan for barnehagen,* Utdanningsdirektoratet
- Meld. St. 6 (2019-2020). *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*
- *Kompetanse for fremtidens barnehage,* Kunnskapsdepartementet
- NOU 2022: 13. *Med videre betydning – Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skole*
- Lokale strategier/mål/planer

De endelige kriteriene vil bli fastsatt underveis i prosjektet.

## METODE

Prosjektet vil sette søkelys på hvordan Suldal kommune arbeider med å ivareta kompetansen i skole og barnehage. Vi ønsker blant annet å se nærmere på hvordan kommunen arbeider for å sikre kvalitet og kompetanseutvikling i skolene og barnehagene. Ut fra problemstillingene vil det være aktuelt å se nærmere på rekruttering og kompetanseutnyttelse på tvers av enhetene.

Datainnsamlingen vil foregå i to faser, en sonderingsfase og en hovedfase. I sonderingsfasen vil vi gå gjennom sentrale dokumenter, tall og intervjue noen få nøkkelpersoner. Dette for å kunne danne oss et bilde av hvem og hvor mange det vil være aktuelt å intervjue, og om det er behov for å innhente mer statistikk og/eller dokumenter.

I hovedfasen vil det være aktuelt å gjennomføre intervju av ledelse ved et mindre utvalg av skoler og barnehager. Valg av skole og barnehage vil blir gjort på bakgrunn av funn fra sonderingsfasen.

Prosjektet vil foreta en metodetriangulering av data. Dette vil si at vi vil besvare de ulike problemstillingene gjennom bruk av forskjellige datakilder. Trianguleringen bidrar til å utvide og forsterke datagrunnlaget i analysen, og forskjellige innsamlingsmetoder gir ulike perspektiver på analysegrunnlaget. De ulike datagrunnlagene vil være gjennomgang av dokumenter, nøkkeltall og intervjuer. For eksempel blir antakelser basert på dokument- og nøkkeltallsanalyser testet ut i de påfølgende intervjuene, og påstander fra intervjuene kan deretter bli testet ut gjennom å hente inn nye data/oppfølgingssamtaler.

## FRAMDRIFTSPLAN

- *Oppstart* – årsskiftet 2024/2025
- *Leveranse* – høsten 2025

Framdriftsplanen forutsetter et tett samarbeid med kommunen og andre involverte.

## PROSJEKTTEAM

Prosjektleder: Øystein Lundestad, forvaltningsrevisor
Oppdragsansvarlig: Svein Kvalvåg, oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor

Ved behov kan også andre ressurser i Rogaland Revisjon bli brukt.

Prosjektet vil bli kvalitetssikret av oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor Svein Kvalvåg.

## OMFANG

Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analyser og rapportering er 250 timer.

# SULDAL KOMMUNE **Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Kontrollutvalet | 21.11.24 | **28/24** |
| | | |
| **Saksansvarleg** | | **Arkivkode** |
| Sjur Hatlen | | 033 |

## MØTEPLAN FOR 2025

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Suldal kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2025:

**torsdag 20. februar, 8. mai, 12. juni, 11. september og 13. november kl. 10.00.**

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

**Saksorientering**
I forslaget til møteplan er det sett opp fem møte i 2025, slik som tidlegare år. Møtedag og møtetidspunkt blir vidareført til som tidligare. Det vil vere opp til medlemmene å vurdera om dei ønskjer å endra på dag og møtetidspunkt.

Møta er opne for publikum og presse, og datoane skal gjerast kjent på kommunen si nettside. Det er difor viktig at møteplanen vert halden.

Fyrste møte på nyåret vil årsmeldinga bli sett på sakslista. I møtet i mai vil kontrollutvalet handsame kommunen sin årsrekneskap og revisor si forenkla etterlevingskontroll. Til hausten vil budsjettframlegg, revisjonsstrategi, eigenerklæring og møteplan bli handsama.

Det er mogeleg å ha ekstramøte dersom det skulle verta naudsynt.

Aksdal, 14.11.24

Sjur Hatlen
*Rådgjevar/utvalssekretær*

# SULDAL KOMMUNE

**Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Kontrollutvalet | 21.11.24 | **29/24** |
| | | |
| **Saksansvarleg** | | **Arkivkode** |
| Sjur Hatlen | | 033 |

## REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 24 – 26 til orientering.

24. Statusrapport pr. november 2024
25. KST-vedtak 30.10.24 – Ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
26. Invitasjon til NKRF sin fagkonferanse 29. - 30. januar 2025 på Gardermoen

**Saksorientering:**
Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 14.11.24

Sjur Hatlen
*Rådgjevar/utvalssekretær*

# Kontrollutvalet - statusoversyn november 2024

## Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

| Forvaltningsrevisjonar | Bestilt | Tidsbruk | Status | Ferdig dato | Merknader |
|---|---|---|---|---|---|
| IVAR IKS | 16.11.23 | | Prosjektet er bestilt | Hausten 2024 | Samarbeids-prosjekt |
| Kompetanse i skole og barnehage | 21.11.24 | 250 timar | Prosjektet er bestilt | | |
| **Andre saker** | | | | | |
| | | | | | |

## Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

| Forvaltningsrevisjonar | Bestilt | Handsama i KU | Handsama i KST | Planlagt oppfølging | Merknader |
|---|---|---|---|---|---|
| Førebygging og tidleg innsats | 09.02.23 | 25.04.24 | 19.06.24 | April 2025 | |

## Avslutta prosjekt

| Forvaltningsrevisjonar | Bestilt | Handsama i KU | Handsama i KST | Følgt opp i KU/KST | Merknader |
|---|---|---|---|---|---|
| ROV og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll | 16.11.23 | 13.06.24/ 26.09.24 | 30.10.24 | | |
| Styring og kontroll med investeringsprosjekt | 24.02.22 | 10.11.22 | 28.03.23 | 16.11.23/ 18.12.23 | |
| Undersøking av RSK-fondet | 28.04.22 | 15.09.22 | 02.11.22 | 07.09.23 | |
| Kritisk kompetanse | 11.02.21 | 04.11.21 | 14.12.21 | 15.09.22/ 02.11.22 | |
| Psykisk helsehjelp | 17.09.20 | 11.02.21 | 23.03.21 | 04.11.21/ 14.12.21/ 10.11.22 | Munnleg 2.gongs opf. 10.11.22 |
| | | | | | |

# Orienteringar

| | |
|---|---|
| *25.04.24* | *økonomi og organisasjon v/kommunalsjef Torbjørn Guggedal* |
| *13.06.24* | *.....* |
| *26.09.24* | *....* |
| ***21.11.24*** | ***administrasjonen v/kommunedirektør*** |
| | |
| *1. møte 2025* | *helse og velferd v/kommunalsjef Grethe Jæger Angelvik* |
| *2. møte 2025* | *oppvekst v/kommunalsjef* |
| *3. møte 2025* | *økonomiavd. v/økonomisjef* |
| *4. møte 2025* | *personal- og organisasjonssjef* |
| *5. møte 2025* | *IKT-avdelinga* |

Organisasjon og
innbyggarkontakt
Suldal kommune

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

| Deres ref. | Vår ref. | Dato |
|---|---|---|
| | 23/289 - 52 | 05.11.2024 |

## Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2024 - 2028

Kommunestyret har i møte 30.10.2024 fatta følgande vedtak 078/24:

Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 vert vedteken med følgjande endringar:
Klima og miljø og integrering av flyktninger flyttes frå andreprioritet til førsteprioritet.
Temaet "mobbing og psykososialt miljø for barn og unge" vert lagt til i lista førsteprioritet for forvaltningsrevisjonar.
Skolestruktur i kommunen og Fastlegeordningen «nordsjø-turnus» flyttes frå førsteprioritet til andreprioritet
Kontrollutvalet får delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-3 og § 23-4.

**Klagerett**
Du har rett til å klaga på dette vedtaket etter forvaltningslova §28. Klagefristen er 3 veker frå du har motteke vedtaket. Send klagen til postmottak@suldal.kommune.no, eller til Suldal kommune, Eidsvegen 7, 4230 Sand.

Med helsing

Martine Førre
Rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

Mottakere

| | | | |
|---|---|---|---|
| Haugaland Kontrollutvalgssekretariat Iks | Postboks 57 | 5575 | AKSDAL |

## Nøkkelinfo

| | |
|---|---|
| **Fra/til** | 29.1—30.1 |
| **Påmeldingsfrist** | 17.12 |
| **Pris** | Kr 8 700 eks. mva. med overnatting (inkl. frokost og middag) (ikke-medl.: kr 9 200 eks. mva.) Kr 6 840 eks. mva eks. mva.) Kr 1 208 eks. mva. for overnatting (inkl. middagsbuffet 28.1.2025 og frokost 29.1.2025) fra 28. til 29 kommuner/fylkeskommuner hvor sekretariatstjenesten for kontrollutvalget ivaretas av virksomheter som er b |
| **Sted** | Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen |
| **Varighet** | 29.1.: 10.00 - 17.00 \| 30.1.: 09.00 - 13.00 |
| **Etterutdanning** | 11 timer iht. NKRFs krav til etterutdanning |

**Hovedprogram | Onsdag 29. januar 2025**
**09.00**
**Registrering og enkel servering**
**10.00**
**Velkommen**
Konferansier Håkon Haugsbø og daglig leder Rune Tokle, NKRF
**10.10**
**Åpning**
TBA
**10.30**
**Pause og utstilling**
**10.50**
**Välfärdsbrottslighet, otillåten påverkan, kriminell ekonomi och kriminella nätverk**
Christina Kiernan, Sveriges Kommuner och Regioner (SKR)
Lars Mamen, daglig leder i Fair Play Bygg Oslo og omegn
**12.05**
**Pause og utstilling**
**12.25**
**Velferdssamfunnet mot vippepunktet?**
Ulf Andersen, statistikksjef i NAV
**13.00**
**Lunsj og utstilling**
**14.00**
**Fra vugge til grav – kommunale tjenester for framtida**
Hilde Singsaas, direktør i Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ)
Frank Jenssen, statsforvalter i Trøndelag
Håvard Moe, seniorrådgiver i KS Konsulent
**15.00**
**Pause og utstilling**
**15.20**
**Tillit er den nye oljen**
Alexander W. Cappelen, professor ved Norges Handelshøyskole (NHH)
**16.00**
**Pause og utstilling**
**16.20 - 17.00**
**Den etiske kommunen – finnes den?**
Dagfinn Høybråten, leder av Kommunesektorens etikkutvalg

**Minikurs | Onsdag 29. januar 2025**
Valgfritt tilbud parallelt med hovedprogrammet
(**OBS** krever særskilt påmelding - begrenset antall plasser)
**10.50 - 12.05**
**A. Gode bestillinger av forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller**
Ellen Halsbog Lange, seniorrådgiver i NKRF
Ragnhild Aashaug, seniorrådgiver i Konsek Trøndelag IKS og nestleder i NKRF

**Middagsarrangement i The Qube | Onsdag 29. januar 2025**
**19.30**
**Aperitif og middag med underholdning.**
Middagsarrangementet foregår i **The Qube**, hvor også selve konferansen finner sted.

**Hovedprogram | Torsdag 30. januar 2025**
**09.00**
**Kunstig intelligens – muligheter og utfordringer**
Eirik Solheim
**09.45**
**Pause og utstilling**
**10.05**
**Kan en presset kommuneøkonomi presse de etiske grensene?**
Tina Søreide, konkurransedirektør
**11.00**
**Pause og utstilling**
**11.20**
**Helseplattformen – hva gikk galt?**
Gjermund Gorset, kontrollutvalget i Trondheim kommune
Per Olav Nilsen, revisjonsdirektør i Trondheim kommune
Annette Gohn-Hellum, ekspedisjonssjef i Riksrevisjonen
**12.05**
**Pause og utstilling**
**12.25**
**Kommunen og kontrollutvalget**
Agnar Kaarbø, politisk redaktør i Kommunal Rapport
**13.00**
**Lunsj**

**Minikurs | Torsdag 30. januar 2025**
Valgfrie tilbud parallelt med hovedprogrammet
(**OBS** krever særskilt påmelding - begrenset antall plasser)
**10.05 - 11.00**
**B. Økonomistyringssystemene og de økonomiske rammene for kommunene**
Knut Erik Lie, seniorrådgiver i NKRF og utredningsleder i Foreningen for god kommunal regnskapsskikk (GKRS)
**11.20 - 13.00**
**C. Forstå det kommunale regnskapet**
Inger Anne Ankersen, Viken kommunerevisjon IKS